

Brødrene Myking Maskinstasjon As
Roy Myking
Sætrevegen 221
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/775 - 23/5911

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
22.06.2023

Løyve til bygging av forstøttingsmur på gbnr 133/67 - Synnevåg

Administrativt vedtak. Saknr: 086/23

Vi syner til søknad motteke 21.06.2023

Vedtak

**Det vert gjeve løyve til oppføring av forstøttingsmur for sikring av steinmassar mot privat veg.
Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4,
naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova sin § 40 og 43.**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner og anna lovverk.

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av forstøttingsmur på om lag 20 meter med maksimal høgde på 4 meter.
Dette vert gjort for å sikra arealet/steinsettinga på gbnr. 133/67 mot vegen som går til sjø på
landbrukseigedom gbnr. 133/67. Grunneigar skriv følgjande:

**Oversender søknad knyttet til bygging av forstøttingsmur for sikring av gammel steinsetting av
byggrense mot veg for Gård 133; Bruk 67, se vedlegg:**



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Søkjær ser at eksisterande situasjon kan medføra utgliding av større steinar/steinmassar inn i veg nedanfor. Det vil verta montert gjelde på 1 meter over forstøttingsmuren.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Naboor i nord har skrive som merknad at vegen i området ikkje må verta smalare av omsøkt tiltak. Dei har elles den 26.03.2023 samtykt til søknad.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som bustadområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen for området.



Forstøttingsmuren skal byggjast nord for bustadhuset i grense mot veg.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terrengrøflar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Situasjonsplanen viser terrengeendringar som følgje av det nye tiltaket.

Teikningar

Det ligg føre målsette planteikningar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Dette er planlagt på ein god måte.

Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til oppføring av forstøttingsmur.

Det må som vist i søknad monterast gjerde på 1 meter over forstøttingsmuren.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik. Ta om naudsynt omsyn til drenering langs muren.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene føre planane.

Lykke til med arbeidet!

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Vedlegg:**Kopi til:****Mottakere:**

Brødrene Myking Maskinstasjon
As, Jan Ove Synnevåg

Sætrevegen 221 5936

MANGER